

HALD FOKUS!

Lev i kraftkjelda

Lukas 24:44-49 «⁴⁴ Så sa han til dei: Dette er orda mine, som eg tala til dykk medan eg endå var hjå dykk, at det måtte oppfyllast alt det som er skrive om meg i Moselova og profetane og salmane. ⁴⁵ Då opna han for tankane deira, så dei kunne skjønna Skriftene. ⁴⁶ Og han sa til dei: Så står det skrive, at Messias måtte lida og stå opp att frå dei døde tredje dagen, ⁴⁷ og at omvending og forlating for syndene skal forkynnast i hans namn for alle folkeslag, frå Jerusalem og vidare ut. ⁴⁸ De er vitne om dette. ⁴⁹ **Og sjå, eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de vert kledde i kraft frå det høge».**



1.Kor.12:13 «For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka»

Apg 9:22 “Men Saulus fekk meir og meir kraft, og jødane måtte berre teia når han prova at Jesus er Messias.”

Apg 9:23 “Då mange dagar var gått, la jødane planar om å drepa han”.

2.Kor.3:15-17 «Ja, heilt til denne dag ligg det eit slør over hjartet deira når det blir lese frå Moselova. Men når dei vender om til Herren, blir sløret teke bort. **Herren, det er Anden, og der Herrens Ande er, der er fridom**».

Ef 3:15-16;20-21 «Difor bøyer eg mine kne for Far, han som har gjeve namn til alt som heiter far i himmel og på jord. Må han som er så rik på herlegdom, styrkja dykkar indre menneske med kraft ved sin Ande. (...) Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så uendeleg mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, han vere ære i forsamlinga og i Kristus Jesus gjennom alle slekter og i alle æver! Amen».

2.Kor 4:11 “For alt medan vi lever, vert vi for Jesu skuld stadig gitt over til døden, så òg Jesu liv skal verta openberra i vårt dødelege kjøt.”

Ef.5:18 «Drikk dykk ikkje fulle av vin, det fører til utskeiing, men bli fylte av Anden»

Vegen til Åndsfylde.

- **Ordet:** «Dei orda eg har tala til dykk, er ånd og liv». (Joh.6:63).
- **Bøna:** «Då dei hadde bede, skalv staden der dei var samla, og dei vart alle fylte av Den heilage ande og tala Guds ord med frimod» (Ap.gj.4:31).
- **Overgitt til Gud:** «Veit de ikkje at kroppen dykkar er eit tempel for Den heilage ande som bur i dykk, han som de har frå Gud? De er ikkje lenger dykkar eigne: De er kjøpte, og prisen er betalt. Difor skal de æra Gud med kroppen!» (1.Kor.6:19).

Rom 5:5 “Og håpet gjer ikkje til skamme, for Guds kjærleik er utøst i hjarta våre ved Den Heilage Ande, som vart gjeven åt oss”.

Ef 2:18 “For ved han [Kristus] har vi begge [jødar og heidningar] tilgang til Faderen i éin Ande”.

Rom 8:38-39 “³⁸ For eg er viss på at korkje død eller liv, korkje englar eller krefter, korkje det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, ³⁹ korkje høgd eller djupn eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre”.

Kva er fokus i Paulus sine bønner for dei truande?

1. **Kol.1:11** «De skal styrkjast av krafta frå hans herlegdom, så de alltid er uthaldande og tolmodige»
2. **Ef.3:16-19** «Må han som er så rik på herlegdom, styrkja dykkar indre menneske med kraft ved sin Ande. Må Kristus ta bustad i hjarta dykkar ved trua og de stå rotfeste og grunnfeste i kjærleik. Må de saman med alle dei heilage få styrke til å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna Kristi kjærleik, som er større enn nokon kan forstå. Må de bli oppfylte med heile Guds fylde!»
3. **Ef.1:18** «Må han lysa opp auga til dykkar hjarte, så de får innsikt i kva håp han har kalla dykk til, kor rik og herleg arven er for dei heilage».

Gal 5:22-23 «Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin.»